

## **Porteføljestyring - omstillings- og effektiviseringsarbeid 2024 - 2027**

Endringsforslag frå H, V, FrP, SL-TVØ, Krf, Pensjonistpartiet

1. Kommunestyret tar saka om omstillings- og effektiviseringsarbeidet til orientering. Kommunedirektøren skal helda fram med arbeidet innanfor innsatsområda slik som det går fram av saksframlegget. Det skal kvart kvartal leggjast fram status på omstillingsarbeidet, som ein del av kvartalsrapporten.
2. Kommunestyret har som målsetting i arbeidet med omstillings- og effektiviseringsarbeid å fa kontroll på meirforbruket i budsjettet, samstundes som det er ein intensjon om å fase ut 30% av eigedomskatten frå driftsbudsjettet i løpet av økonomiplanperioden.
3. Den økonomiske effekten av omstillingsarbeidet slik som vedtatt i budsjett og økonomiplan for 2024-2027 skal førast i eige rekneskap sett i forhold til opphavleg budsjett, budsjettendringar og rekneskapstal. Rekneskapen skal følgje månadsrapportane.
4. Månadsrapportane syner eit meirforbruk i driftsbudsjettet. Kommunestyret vil be om at det i kvartalsrapportane blir utgreidd om kva tiltak som vert gjennomført for å lukke avviket. Ikkje-budsjetterte inntekter frå skatt, avkastning og pensjonsresultat mm skal ikkje dekke inn meirforbruket utan kommunestyre si godkjenning.
5. Utvala skal haldast fortløpande orientert om utviklinga i dei ulike delprosjekta. Prinsipielle avgjerder i omstillings- og effektiviseringsarbeidet skal fremmast til politiske avgjerder.
6. Det totale omstillingsbehovet med innsparingskrav skal vedtakast av kommunestyret og innarbeidast i økonomiplan 2025-2028.
7. Formannskapet vert oppnemnd som styringsgruppe for omstillings- og effektiviseringsarbeid 2024 – 2027